

Referat frå møte i Lykling sokneråd

Onsdag 22.05.2019 kl.18.00

Møtestad: Lykling kyrkje

Til stades: Fridleif Lydersen, Torunn Tveita, Sissel S. Gåsland, Elisabeth Bjørnevik, Alfhild Hestenes og Margunn Ersland

Opningsord ved Fridleif: Tankar rundt Salme nr 1 i Salmeboka, «Herre Gud, ditt dyre namn og ære.»

Sak 25-19: Godkjenning av referat og innkalling

- Godkjent

Sak 26-19: Meldingar og skriv

- Ingen

Sak 27-19: Friluftsgudstenestene, Helvik 23.06. og Kanaldagane 08.09.

- Helvik**
- ei friluftsgudsteneste bør vera ute, og me må hjelpa Sverre Leon med å rydda saueskit
 - **Torunn har kontakt med Sverre Leon- m.a. om lydanlegg og rydding**
 - Om dårleg ver er me i kyrkja, ikkje i grindabygget
 - Sissel F. Våge har kontakt med turlaget om tur
 - Instrument - me spør kantor Øystein evt. Ten-Sing sidan dei skal vera med på gudstenesta – og feira jonsok etterpå -(eller skal me låna av Lydius?)
 - Gudstenesta begynner kl.14.00 og soknerådet er kyrkjevertar
 - Stolar må reserverast til evt.dåpsfylgje og eldre. Me andre må rusta oss til å vera ute.
 - Fridleif snakkar med dei andre på kyrkjekontoret om me skal ha nattverd i gudstenesta.
 - Roald S tek seg av annonsering. NB! Her må presiserast at folk må kle seg etter veret.
 - Kyrkjekontoret trykkjer program til utdeling
 - Det går an å vurdera Åreiddalen og til friluftsgudsteneste – evt. andre stader på øya som høver. Fleire moglege turløyper som kan gå til Åreiddalen.

Kanaldagane

- Countrygudsteneste med prosten og Soulchildren
- Utdeling av 6-års bok

Sak 28-19: Familiegudsteneste, forslag til ordning

- Fridleif hadde med forslag til ordning, men presiserte at gruppa som arbeidde med ordninga ikkje var heilt i mål, så dei kunne ta imot innspel frå oss.
- Dei ville spissa ordninga inn mot barn og unge med
 - moderne, meir forståeleg språk
 - meir involvering
 - korte variantar der det er valfritt
 - og gjerne involvera foreldre meir

Sak 29-19: Konfirmanttida til neste år. Kva med Kimen?

- Konfirmantforeldre i soknet ynskjer at konfirmantane skal få fleire val enn Kimen, gjerne saman med konfirmantane i Bremnes. Dei går på skule saman og vil gjerne vera i lag i konfirmanttida.
- Kyrkjelydspedagogane kan gjerne undervisa konfirmantane samla på Bremnes og berre ha nokre timar med gruppa for seg sjølv i Lykling kyrkje.
- **Aktivitetstilbod:** Då det har vore vanskeleg å få nok leiarar til Kimen, ynskjer me å prøva ut eit nytt tilbod og ber om at kyrkjelydspedagogane Liv Merethe, Laila eller Marta sender dette forslaget ut til foreldra.
- Konfirmantane frå Lykling får same val som konfirmantane i Bremnes, men dei må i tillegg ha 3,tre, gonger Kimen i løpet av konfirmantåret.
 - Møtet med dykkarklubben
 - Lysmessa med graut i etterkant
 - Ei samling før konfirmantgudstenesta
- Dei i Lykling må framleis ha sine faste gudstenester, presentasjonsgudstenesta, lysmessa, konfirmantgudstenesta og konfirmasjonsgudstenesta.
- Ein del foreldre syntest at konfirmasjonsgudsteneste kl.10.00 var altfor tidleg. Tidspunkta bør vurderast om det må vera to gudstenester.

Sak 30-19: Datoar for soknerådet hausten 2019. Soknerådsvalet og datoar.

- **NB! Tysdag 27.08. kl.17.00**
Onsdag 02.10. kl.18.00
Onsdag 06.11. kl.18.00

Sak 31-19: Tankar og visjonar for Lykling sokn?

- Saka vart utsett

Sak 32-19: Ymse

- Margunn skriv ut førebels valliste for soknet og får ti underskrifter. Torunn skriv litt på nettet, i «Kva skjer i Lykling?», om at me har for få på lista. Frist er 06.06. for nye namn. Dei treng 5 underskrifter for kvart namn.
- Kathrine og Torunn stiller som vakt 31.mai.
- NB! Det bør stå på invitasjonen til konfirmantfesten at dei må gi beskjed om evt. matintoleranse i god tid.
- Me må ta kontakt med kantor Øystein om evt. godtgjersle til songarar/musikarar som blir bedt om å stilla på gudstenester. Me hadde dette oppe med kantor Jostein. Kimenleiarane bør og få ei godtgjersle for godt og viktig arbeid. Dette bør me ha som sak.
- Elisabeth får ansvar for å kjøpa inn kasse til teiknesaker, bøker og «stille leiker» til å ha bak i kyrkja. Gjerne og nokre nye bøker til borna.
- NB! *Me må kalla inn 17.mai-komiteen til eit møte i god tid og be om eit samarbeid. Soknerådet ynskjer utsett servering slik dei andre sokna har. Dette handlar om respekt for og det å ta omsyn til kvarandre i ei lita bygd.* Me kan og gjerne nytta korpset og Lydius ein slik dag.
- Kom og forslag om t.d.å gje konfirmantane eit trekors på konfirmasjonsdagen som eit tydeleg symbol.
- Me kan gjerne ha ei eiga bønnekrukke i kyrkja. Ver på utkikk.

Neste møte onsdag 19.juni kl 19.00 hos Torunn i Svortlandsjøen 11B

Sakseid 23.05.2019

Margunn Ersland, sekretær

